



Siv. Arne Haugen VVA - Prosjektering
Fabrikkgaten 7B
5059 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4476 - 16/15630

Saksbehandlar:

Trygve Solberg

Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:

09.06.2016

Mellombels bruksløyve fellesanlegg - gbnr 137/289 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 278/16

Tiltakshavar: Majo Egedom AS, 5916 Isdalstø

Ansvarleg søkjar: Siv. Arne Haugen VVA, 5059 Bergen

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at delar av tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 15.02.2013. Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har stadfesta at tiltaka er godkjent og overtatt til kommunal drift.

Resterande delar av tiltaket kor det her ikkje vert søkt om mellombels bruksløyve:
Veg FV2.1, FV 2.2 og tilhørande VA-anlegg. Stikkeleidningar til bustadfelt B4 og B5.

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: veg 1, veg FV1 og tilhørande VA- anlegg.
Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.06.2017.
Det vert elles vist til søknad motteken 06.06.2016.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Mangerbua
Bygningstiltak:	Veg- , vatn- og avlaupsanlegg

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for veg-, vatn- og avlaupsanlegg på gnr. 137, bnr. 289 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld fylgjande del av tiltaket: veg 1, veg FV1 og va anlegga i tilførselsveg fram til kommunal avlaupsstasjon ved snuplass.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.06.2017.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas spørsmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4476

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Magnus Helgesen
Seim Bygg AS

Nesbrekka 28 5912

SEIM

Mottakarar:

Siv. Arne Haugen VVA -
Prosjektering

Fabrikkgaten 7B 5059

BERGEN